

Referat. Møte mellom Sogn og Fjordane Ungdomslag og Hordaland Ungdomslag 12.2.2022

Møtestad: Fjærland Bygdahus

Deltakarar:

SOFUL: Hildegunn R. Gjelsvik, Knut Bøyum, Jorunn Sundal og Christoffer Knagenhjelm (tilsett)

HU: Øystein Rambjørg og Oddrun E. Larsen

Agenda:

Saksliste:

1. Bakgrunn for møtet
2. Grunnlag felles tilsetjing
3. Økonomi
4. Innhald i ev. stillingsressurs
5. Utlysing og tilsetjingsnemnd

1. Bakgrunn for møtet

Christoffer Knagenhjelm orienterte om situasjonen og bakgrunnen for møtet.

Knagenhjelm har sagt opp stillinga i SOFUL. Styret i SOFUL ønskjer å tilsette ny organisasjonssekretær/rådgjevar for lokallag og Huset i Bygda, men ser samstundes at det kan vere utfordrande å gjere stillinga interessant om ikkje stillingsprosenten vert auka frå dagens 30%.

Samstundes har styret i HU varsla at dei ikkje tek attval og at regionlaget står i fare for å bli lagt ned om det ikkje melder seg nye styrekandidatar til årsmøtet 27.2.2022.

SOFUL inviterte difor styret i HU til møte for å drøfte om det var mogleg å samarbeide om felles stilling, med målsetjing om å kunne tilby heiltidsstilling.

2. Grunnlag for felles tilsetjing

SOFUL og HU drøfta om det realistisk å einast om ein felles stilling. Her orienterte styret i SOFUL, om erfaringa deira med å ha ein tilsett.

Sentrale punkt:

- Stadig meir krevjande å drifte lag og organisasjonar, ikkje minst gjeld det regionlaga.
- Om ein skal drifte regionlaga på frivillig basis er det krevjande å ha kontakt med lokallaga og legge til rette for god lagsdrift.
- Viktig å halde kontakt med styresmaktene
- Huset i Bygda (HIB) er eit viktig prosjekt for SOFUL, som krev mykja av SOFUL
- HiB har auka i omfang ved at ordninga no i tillegg har ansvar for heile Vestland fylke.

Referat. Møte mellom Sogn og Fjordane Ungdomslag og Hordaland Ungdomslag 12.2.2022

Styret i SOFUL var tydeleg på at tilsetjing av medarbeidar har vore avgjerande for drifta og at dei er usikker om det hadde vore mogleg å drifte SOFUL utan å ha person tilsett.

HU orienterte om bakgrunnen for at styret har meldt at dei ikkje tek attval. Sjølv om det er eit stort regionlag med mange medlemmer (rundt 40 lokallag og over 2000 medlemmer før covid-19 – pandemien) har det over lang tid vore vanskeleg å skape engasjement hjå lokallaga. Styret får liten eller inga tilbakemelding på e-postar og anna informasjon som vert sendt til lokallaga.

Styret i HU vil ikkje revurdere tilbakemeldinga til valkomiteen om at dei ikkje stiller til attval. Det er såleis årsmøtet 27.2.2022 som må ta stilling til ev. tilsetjing av rådgjevar. Samstundes ser Oddrun og Øystein at tilsetjinga i SOFUL har auka aktivitetsnivået og gjort regionlaget meir synleg og aktuelt. De var difor positiv til å jobbe vidare med grunnlag for tilsetjing. Målsetninga er å løfte lagsaktivitetane og medverke til å skape det engasjementet som i dag manglar.

3. Økonomi

Felles målsetjinga er å kunne tilby heiltidsstilling. Føresetnad er at fylkeskommunen medverkar økonomisk. For at det skal vere realistisk med heiltidsstilling må fylkeskommunen truleg dekke minst 50% av lønnskostnadane. Avhengig av vidare dialog og ev. respons på årsmøtet til HU, vil regionlaga ta initiativ til møte med Vestland fylkeskommune for å avklare kva dei kan bidra med. Dette må i så fall skje før søknadsfrist om driftsmidlar 15. mars. Resten av lønnskostnadane vert delt likt mellom regionlaga.

Kostnadar som er kjem under drifta til kvart regionlag (som t.d. reisekostnadar), vil bli fakturert separat til kvart regionlag.

I tillegg er det viktig å arbeide for at lønnskostnadane i størst mogleg grad kan bli dekt gjennom samarbeid med andre aktørar. SOFUL sitt samarbeid med Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane og NU (Kven Veit?), er døme på dette.

4. Innhald i ev. stilling

Det vart bestemt at det skal arbeidast vidare med innhald i stillinga. I første omgang skal Christoffer sende nokre innspel til HU, som vil drøfte dette i førstkommande styremøte. Etter at HU har diskutert saka på styremøte kan HU ev. legge frem forslag om tilsetjing som ekstraordinær sak på årsmøtet.

I utsending av forslag om tilsetjing kan medlemmer og lokallag bli oppmoda om å kome med innspel til innhald i stillinga.

I tillegg Christoffer delta på årsmøte til HU og orientere om arbeidet sitt som tilsett i SOFUL.

Referat. Møte mellom Sogn og Fjordane Ungdomslag og Hordaland Ungdomslag 12.2.2022

6. Utlysing og tilsetjing

Dette er avhengig av den vidare dialogen mellom regionlaga og Vestland fylkeskommune. I tillegg må Sparebankstiftinga orienterast om ev. ny stilling. Ny stilling må truleg utlysast etter 15. mars og bli marknadsført i heile fylket. Her vil Christoffer også finne den gamle utlysinga, i tilfelle den kan brukast som utgangspunkt for ny stilling (sjå vedlegg for utlysingstekst).

Utforming av tilsetjingsutval vil regionlaga ta stilling til når den ev. vert utlyst.

Referent:

Christoffer Knagenhjelm, 14.2.2022